

## Startside

## Kontakt

## Linker

## Om Dølen

## Dølatorget

## Ukas Klå

## Abonnement

## Tips oss

## Annonser

Det er for øyeblikket ingen spørreundersøkelser tilgjengelig å stemme på




## Kommunene



RSS	0.91
RSS	1.0
RSS	2.0

## Countryfestival bra for lokalt næringsliv

Av Bjørn Sletten  
lørdag 21. november 2009



Norsk Turistutvikling ved Anne Anmarkrud Lier la fram gode tal og attendemeldingar for Countryfestivalen på Vinstra.

### Countrypublikummet la att 24 millionar kroner i løpet av festivalen på Vinstra. – Dette er spennande lesning, seier Trond Grøthe.

Publikums- og forbruksundersøkinga for Countryfestivalen er gjennomført av Norsk Turistutvikling på Lillehammer. Undersøkinga syner at deltakarane har hatt eit forbruk på 24 millionar kroner i løpet av helga på Vinstra, og eit totalforbruk knytt til festivalen på 33 millionar kroner. Da er ikkje arrangørane eigne investeringar og innkjøp frå lokalt næringsliv medrekna. Kvar enkelt deltakar legg att totalt 4700 kroner, noko som er om lag det same som til dømes Hove-festivalen kan syne til.

– Denne rapporten er viktig for å syne kor avhengige vi er av kvarandre, og kor viktige festivalane er for næringslivet, seier Ole Kristian Rudland, styreleiar i Midt-Gudbrandsdal næringsforeining. Trond Grøthe og partnar Torfinn Strømstad ønskar seg meir engasjement frå handelsstanden, særleg når ein ser dei store ringverknadene.

– Det er ei utfordring å bygge Vinstra vidare som festivalområde, men i fellesskap kan vi få gjort meir, og alle må vera med, seier Grøthe. Strømstad peikar også på den enorme betydinga festivalane har for frivillige lag og organisasjonar.

– Mange lag og organisasjonar har store delar av driftsinntektene sine gjennom festivaljobbing. Du ser ikkje kakelotteri på samvirkelaget meir. Countryfestivalen genererar om lag 900 000 kroner attende til lokale lag og organisasjonar, seier Strømstad.

### Gode attendemeldingar

– Dette er spennande lesning, og det er ikkje minst hyggeleg å sjå dei gode attendemeldingane frå publikum, seier Trond Grøthe i Countryfestivalen. Attendemeldingane frå folk er svært positive.

– Stikkord er mellom anna at dette var tidenes countryfestival og årets høgdepunkt, attendemeldingar som er representative for alle dei 385 svara rapporten byggjer på, fortel Anne Anmarkrud Lier i Norsk Turistutvikling.

– Det er gledeleg å sjå at publikum er veldig godt nøgd med kjernepunktet i festivalen, nemleg musikken og stemninga, seier Kjell O. Solbakken i Norsk Turistutvikling. Han understrekar overfor arrangørane at det blir viktig å ta signala frå rapporten på alvor.

– Det er klart at rapporten syner at ein del av dei områda vi har satsa mye ressursar på dei siste åra, som til dømes sanitæranlegg, må satses enda meir på, seier Grøthe. Ein annan ting som rapporten peika på var at publikum gjerne ville ha meir kjente artistar, og øvst på ønskelista sto ikkje overraskande Vassendgutane og Hellbillies.

Vassendgutane er booka til neste års festival, og Hellbillies kjem på Folkefesten, kan Grøthe forsikre.